

HOVUDUTSKRIFT

FOR

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 15. november 2019
Tidspunkt.: Kl. 10.00 – 13.15

Som medlemmer møtte:

Bjørn Prytz, Tanja Rafteseth
Knut Erik Engh, Berit Overvåg Hjorth, Oddvar Gjerde
Bernt Brandal
Olav Myklebust, Anne-Marte Skarmyr Beitveit

Følgende medlemmer møtte ikkje:

Tor-Sindre Steinsvik, Herøy
Karl-Oskar Sævik, Herøy
Kjetil Nettet, Hareid

Som varamedlemmer møtte:

Ann-Katrin Storøy (for Tor-Sindre Steinsvik)
Solveig Båtsvik (for Karl-Oskar Sævik)
Hallvard Sæverud (for Kjetil Nettet)

Frå styret møtte: George Fulford, Håkon Vestnes, Edel K. Goksøyr, Margareth Leinebø, Truls Håbakk og Ole Andreas Sæther

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal, Rune Tarberg, Laila Fure og Andrea Sæverud

Andre: Revisor Einar G. Løkken

Saker som vart handsama: Sakene R09/19 – R17/19

Vedtakssaker:

SAK NR R09/19

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak, samr.:

Innkallinga og saklista vart godkjend, med ein merknad om at selskapskontrollrapporten og kontrollutvalvedtaka mangla i utsendinga av sakspapira.

SAK NR R10/19

KORT ORIENTERING OM ORGANISERING OG DRIFT AV INTERKOMMUNALE SELSKAP VED STYRELEIAR

Vedtak, samr.:

Representantskapet tar orienteringa til vitande.

SAK NR R11/19

KONSTITUERING AV DET NYE REPRESENTANTSKAPET

Vedtak, samr.:

Representantskapet gjorde følgjande val for perioden 2019 – 2023:

Leiar: Knut Erik Engh

Nestleiar: Bjørn Prytz

Leiar i valkomitéen: Kjetil Nesset

Valkomité; Herøy: Tor Sindre Steinsvik

Ulstein: Oddvar Gjerde

Hareid: Kjetil Nesset

Sande: Olav Myklebust

SAK NR R12/19

VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR)

Vedtak, samr.:

Bernt Brandal og Anne-Marte Skarmyr Beitveit skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar).

SAK NR R13/19

BUDSJETT 2020 OG GEBYRREGULATIV 2020

Vedtak, samr.:

Representantskapet vedtar budsjettet og gebyrregulativet for 2020 – med dei justeringane i gebyrregulativet som kom fram på møtet. Det var:

- Forbod i staden for ein pris på tette/svarte sekkar.
- Tillegg for kronebeløp i høgre kolonne (fjorårsprisen) og feit skrift for årsprisen inkl. mva.
- Etter at det vart ytra skepsis, frå fleire kommunar, om ei gebyrauke på 5 %, er det ønskjeleg å legge ved tabellar for prisutvikling siste åra saman med gebyrregulativet.

I budsjettet er det lagt opp til 5 % prisauke på renovasjonsgebyret på hushaldning, til framføring mot sjølvkostfondet på hushaldningsrenovasjon eit underskot på kr 2.288.000 og eit overskot på kr 1.469.000 på næringsrenovasjonen (før skatt). Slamtøminga er budsjettert med eit underskot på kr 83.000 i 2020.

Gebyrregulativet blir oversendt til kommunestyra i eigarkommunane for endeleg vedtak der.

SAK NR R14/19

ØKONOMIPLAN 2020 – 2023

Vedtak, samr.:

Representantskapet vedtar den framlagde økonomiplanen for perioden 2020 – 2023.

SAK NR R15/19

SELKAPSKONTROLLEN 2010 – 2018

Vedtak, samr.:

1. Representantskapet sluttar seg i hovudsak til styret si handsaming av innhaldet i rapporten etter selskapskontrollen og konkluderer med følgjande:
 - a) Feilførte renter på driftskreditt på kr 446.000 skal rettast opp i samsvar med rapporten.
 - b) Avskrivning av tomter i perioden 1980 – 2014 er mest truleg i samsvar med regelverket, sjølv om det etter representantskapets oppfatning kan tolkast i både selskapets og kommunerevisjonen si retning. For å unngå spekulasjonar, vel representantskapet å slutte seg til styrets anbefaling om å endre rekneskopen i samsvar med rapporten. Dette utgjør om lag kr 303.000.
 - c) Representantskapet viser til at finansiering av nedgravde løysingar har vore drøfta i representantskapet fleire gangar, og at ein har lagt vekt på solidaritetsprinsippet som vert praktisert elles i selskapet (lik pris for alle abonnentar uavhengig av kostnad med innhenting). Nedgravde løysingar er ei ønska utvikling, og vil på sikt redusere kostnadane og miljøbelastninga knytt til innhenting. Representantskapet sluttar seg

likevel til kommunerevisjonen sine vurderingar om at kostnaden med etablering av slike anlegg i størst mogleg grad bør leggjast på utbyggar i framtida.

Representantskapet ber om at kommunane innarbeider dette i sine utbyggingsavtaler der dette er aktuelt, og at selskapet elles i størst mogleg grad tek omsyn til dette når nye anlegg skal etablerast.

- d) Representantskapet sluttar seg også til kommunerevisjonen sin konklusjon om at kostnader knytt til grunnarbeid må sjåast på som ein del av anskaffelseskosten for nedgravde løysingar i dei tilfella selskapet har dekt desse kostnadene. Representantskapet ber difor om at desse kostnadene skal aktiverast og avskrivast, og tilbakeførast sjølvkostfondet.
- e) Representantskapet ber om at det vert utarbeidd eigne innkjøpsrutiner der ein særleg strammar inn praksisen rundt utarbeiding av tilfredsstillande innkjøpsprotokollar. Representantskapet ber også om at selskapet løpande vurderer om kjøp av varer og tenester skal lysast ut på anbod.

2. Representantskapet er elles svært godt nøgd med at selskapet i all hovudsak kan vise til gode rutinar og forvaltingspraksis.

3. Vedtaket vert sendt over til kontrollutvala og kommunestyra som referatsak.

ORIENTERINGSSAK - SAK NR R16/19

ØKONOMISK RESULTAT ANDRE TERTIAL OG ESTIMAT / PROGNOSE FOR 2019

Generell orientering om økonomisk status utan at det vart gjort vedtak i saka.

ORIENTERINGSSAK – SAK NR R17/19

DIVERSE ORIENTERINGAR VED STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR

Generell orientering om diverse saker utan at det vart gjort vedtak i saka. Det vart orientert om følgjande:


- FN sine berekraftsmål. Fleire av desse måla grip direkte og indirekte inn i det verksemda arbeider med og skal arbeide med, jfr. også hovudpunkta i strategisk plan.
- Oppfølging av strategisk plan og hovudpunkta der. Kort oppsummert er desse hovudpunkta samfunnsansvar, miljø, brukarvennlegheit, kostnadseffektivitet, digitalisering og at selskapet er framtidsretta.
- Eit prosjekt for å sjå om det kan vere aktuelt å inkludere grovavfall i gebyret og ta betaling for grein- og hageavfallet. Prosjektet skal gjennomførast vinteren og våren 2020. Temaet kjem opp som orienteringssak i maimøtet i representantskapet og eventuelt som vedtakssak i novembermøtet i 2020.
- Status for biogassanlegget. Det er under arbeid ein konsesjonssøknad for etablering av eit biogassanlegg i Ørsta. Her skal ein ta i mot matavfall, diverse anna organisk avfall og kanskje også slam. VØR, ÅRIM og SSR er samarbeidspartnarar i forprosjektet. Styret vil

kome tilbake med ei ny orientering våren 2020 og truleg også med eit forslag til ein forretningsmodell i løpet av 2020.


- Driftskostnader på miljøstasjonane. SSR har ei desentralisert løysing for miljøstasjonar. Desse er særst populære blant innbyggjarane, men dei er også kostnadsdrivande med omsyn til gebyrutviklinga.
- Samarbeid med andre. Kort status for samarbeidet med andre renovasjonsselskap og kommunar, t.d. rundt matavfall og biogass.
- Det gamle avfallsdeponiet i Fløstranda. Dette deponiet var lagt ned for ca. 25 år sidan, då det nye deponiet på Eidet vart etablert. Siste tida har det oppstått sprekker i øvste del av deponiet, og sjøen vaskar ut avfall frå nedste del. Her er det på gang ein del utgreingar om kven som har ansvaret for deponiet. Er det SSR eller Ulstein kommune som har ansvaret – eller har begge eit delansvar? Saka kjem opp att seinare.
- Digitalisering og effektivisering. Selskapet skal halde fram med å digitalisere og effektivisere verksemda gjennom konkrete tiltak og utviklingsprosjekt.
- Eventuelle avsettingar til eit forureiningsfond. Dette er ei sak styret vil kome tilbake til seinare. Temaet handlar om at ein eventuelt set av overskot frå næring i SSR til kontroll med og tiltak mot forureining på land.
- VAR-konferanse vinteren 2020. Denne konferansen vil ta opp problemstillingar rundt slamhandtering og andre område innanfor VAR. Her vil inviterte fagpersonar, lokalpolitikarar, kommuneadministrasjonar, naborenovasjonsselskap, nabokommunar, etc. dele og diskutere erfaringar og utfordringar. Eigarkommunane vil bli spesielt inviterte til konferansen. Målet er å finne betre og framtidsretta løysingar og betre overordna strategisk planlegging og organisering. Det er tenkt å sette ned ei arbeidsgruppe som arbeider vidare med det ein diskuterer på konferansen.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS, Ulsteinvik, 15. november 2019


Knut Erik Engh
representantskapsleiar


Anne-Marte Skarmyr Beitveit


Bernt Brandal


Einar Heimdal
dagleg leiar